

Hans Majestet Kongens tale til det 92de ordentlige Storting ved dets åpning.

Herr president, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at denne må bli til gagn for Fedrelandet.

Inntil de endelige fredsavtaler blir undertegnet, består det krigstilstand med Tyskland og Japan.

Norge vil så langt råd er medvirke til å fremme et tillitsfullt samarbeid og fredelige forhold mellom alle land og ta aktiv del i de Forente Nasjoners arbeid. Det vil gå inn for effektivt å samordne de Forente Nasjoners og de ulike særorganisasjoners virksomhet på det økonomiske, sosiale, kulturelle og humanitære område for derved å bidra til mellomfolkelig forståelse.

Norge vil fortsatt delta i arbeidet med den økonomiske gjenreising av Europa og i det mellomfolkelige samarbeid for å lette og utvide verdenshandelen.

Avsluttende forhandlinger om utformingen av grenseavtalen mellom Norge og Sovjet-Samveldet vil finne sted.

Det vil bli lagt fram forslag til ny lov om utenriksvesenet.

Gjenreisningen av forsvaret vil fortsatt skje etter retningslinjene i den treårsplanen som er vedtatt av Stortinget.

Stabiliseringspolitikken vil bli fortsatt. Forslag til statsbudsjett for 1948—49 er gjort opp med balanse for driftsbudsjettet, mens forslaget forutsetter anvendt lånemidler til dekning av utgiftene på kapitalbudsjettet. Det vil bli fremmet forslag om visse forhøyelser av det skattefrie fradrag.

Aksjer i Norges Bank som eies av private, vil bli foreslått innløst.

Det vil bli lagt fram forslag om endringer i statens lønnsregulativ for de offentlige tjenestemenn.

Spørsmålet om skatt av årets inntekt, om endring av skattelovenes avskrivningsregler og om en bedre skatteligning er under utgreiing, likeså forskjellige spørsmål om tollvesenets organisasjon og om omordning av Kommunalbanken.

Mellombels lov av 30. juni 1947 om prisregulering og anna regulering av næringsverksemd vil bli foreslått forlenget da forslag til varig prislov ikke vil kunne legges fram i rett tid.

Forslag om innføring av potettrygd vil bli utredet og lagt fram for Stortinget.

Spørsmålet om øking av den innenlandske matproduksjon, i første rekke kornproduksjonen, vil bli viet særlig oppmerksomhet.

Administrasjonsordningen for Statens skoger vil bli utredet med sikte på en mer forretningsmessig drift.

Det vil bli satt fram forslag til lov om veterinærer m. v., om utskiftning og om jordvern. Arbeidet med gjenreising og rasjonalisering av våre fiskerier vil bli fortsatt. Modernisering og nybygging av vår sildolje-, kjøle- og fryseindustri, vil bli gjennomført i det tempo som tilgangen på materialer tillater.

Det vil bli lagt fram for Stortinget en samlet plan for reising av en tidsmessig fiskevareindustri i Finnmark og Nord-Troms, forslag til ny lov om omsetning av fisk og sild og om endring i loven om sild- og brislingfiskeriene.

Utbyggingen av vår vannkraft vil bli fremmet så raskt som tilgangen på maskiner, materialer og arbeidskraft gjør det mulig. Det vil bli lagt fram en oversikt over de kraftutbygginger som kan påregnes gjennomført i de nærmeste år.

Proposisjon til lov om autorisasjon av entreprenører i bygge- og anleggsvirksomheten vil bli satt fram.

Plan for gjenoppbygging av gruvene i Sør-Varanger vil bli lagt fram for Stortinget, og spørsmålet om en mer rasjonell organisasjon av Statens samlede berginteresser vil bli utredet.

Forslag til lov om arbeidstiden ombord på skip i samsvar med prinsippene i Seattlekonvensjonen vil bli lagt fram. For å sikre tilgangen av kvalifiserte mannskaper til handelsflåten vil en få utredet spørsmålet om en tidsmessig utbygging av skolestellet for sjøfolk. Revisjon av sjømannsloven er tatt opp til behandling.

For i størst mulig utstrekning å kunne opprettholde importen av nødvendige forbruksvarer og produksjonsmidler vil regjeringen i samarbeid med nærings- og arbeidslivets organisasjoner sette all kraft inn på å øke eksporten og bedre balansen i landets utenriksøkonomi.

Regjeringen ser fortsatt boligbyggingen som en av sine fremste oppgaver. Omfanget av boligbyggingen må imidlertid tilpasses tilgangen på de bygningsmaterialer som må importeres.

Det vil bli satt fram proposisjon til lov om postsparebank og lagt fram en melding om foreliggende jernbanekrav.

På grunnlag av den utgreiing som nå foreligger, vil melding om en folketrygd bli sendt Stortinget.

Forslag om å opprette en sosial- og kommunalskole vil bli lagt fram. For å støtte arbeidet med innføring av husmorvikarer i landets kommuner vil det bli foreslått å yte statsbidrag til løsning av denne oppgave.

Forslag til lover om godkjenning og utdanning av sykepleiersker og om utvidelse av arbeidsløshetsstrygden til også å omfatte skog- og landarbeidere vil bli lagt fram.

Regjeringen vil sette fram grunnlovsforslag om rett og plikt til arbeid.

Det vil bli lagt fram forslag om visse endringer i straffeloven og forslag til friluftslav.

Det vil videre bli lagt fram forslag til teaterlav, lov om folkehøgskoler og lov om brevskoler og forslag til endring i lov om Studentsamskipnaden. Melding om en landsplan for yrkesskolene vil bli sendt Stortinget.

Jeg ber Gud signe Stortingets gjerning og erklærer Norges 92de ordentlige Storting åpnet.

Gitt på Oslo slott 13. januar 1948.

HAAKON

Einar Gerhardsen

Leif Østern

Vi Haakon, Noregs Konge,

gjør kunnigt:

I samsvar med grunnlova skal Kongen med dette få gje melding til Stortinget om tilstanden i riket og om styringa i 1947.

Fredstraktatane mellom Italia, Bulgaria, Finnland, Romania og Ungarn og dei allierte maktene som har vori i krig med desse landa, tok til å gjelda 15. september 1947.

Tingingane mellom stormaktene om fredssemja med Tyskland og Austerrike har haldi fram, men har ikkje ført til fullnøyande resultat. Denne utviklinga og framvoksteren av ymse andre mellomfolkelege problem har ført til at motsetnaden og spenninga mellom stormaktene har auka og skapt vanskar for det mellomfolkelege samarbeidet.

Noreg har i eit memorandum frå 23. januar 1947 lagt fram sitt syn og sine serlege ynskemål når det gjeld den allierte politikken andsynes Tyskland. I tilslutning til dette memorandumet har Noreg òg vendt seg serskilt til dei allierte maktene som okkuperer Tyskland, og haldi fram kor ynskjeleg det er å ikkje auka den tyske trålarflåten og heller ikkje tilata at tysk kvalfangst blir oppatteken.

Normalt diplomatisk samband med Ungarn er atterskipa.

I 1947 har Island og Peru skipa faste legasjonar i Oslo, og Venezuela, Siam, Austerrike og Ungarn har etablert diplomatiske representasjonar i Noreg.

Norske delegasjonar har vori med i den andre generalforsamlinga i dei Sameinte Nasjonane, i dei to møta som har vori haldne dette året i det Økonomiske og Sosiale Rådet og i ei rad møte og nemnder under dei Sameinte Nasjonars Organisasjon.

Avtalen om immunitet og privileg for dei Sameinte Nasjonane vart ratifisert av Noreg 11. juli 1947.

Skipnaden åt Verds-Helseorganisasjonen og åt den Internasjonale rømingorganisasjonen vart ratifisert av Noreg 11. juli 1947, og norske utsendingar har vori med i ei rad møte i førebuande nemnder i dei to organisasjonane.

Aust-Grønlands-semja mellom Noreg og Danmark vart 9. juli lengd for ein ny tidbolk på 20 år.

I tida mellom mai og september er grensa mellom Noreg og Sovjet-Samveldet oppgått og merkt. Tingingar om utforminga av grenseavtalen har haldi fram i Moskva.

Det er gjort betalings- og varebyteavtalar med Danmark, Sveits, Tsjekkoslovakia og Austerrike og med dei einskilde okkupasjonszonane i Tyskland. Varebyte- og betalingsavtalane med Jugoslavia og Ungarn er lengde. Det er og gjort varebyteavtalar med Nederland, Belgia, Frankrike og Finnland.

Noreg har slutta seg til den nyskipa økonomiske nemnda for Europa som har komi i staden for dei tidlegare økonomiske kriseorganisasjonane for Europa. Vidare har Noreg vori med i den førebuande nemnda som dei Sameinte Nasjonane har sett ned til å skipa ein mellomfolkeleg handelsorganisasjon og er no med i ein internasjonal konferanse med same føremål. Noreg har og vori med i arbeidet i Paris i nemnda for europeisk økonomisk samarbeid.

Det er gjort luftfartsavtalar med Brasil og Portugal, og det har vori tinga om luftfartsavtalar med ei rad andre land.

Noreg har vori med på internasjonale konferansar om skipsferdsle.

Noreg har gjennom målsmannen sin ved det Internasjonale Skadebotbyrået i Brussel vori med på dei tingingane som er i gang om korleis dei disponible krigsskadebøtene frå Tyskland skal fordelast, og har fått verdfulle tilsetingar, for ein stor del i form av utstyr for industrien.

Etter tingingar i Oslo er det gjort avtale med Frankrike om korleis dei vanskelege spørsmåla skal løysast som reiste seg i samband med reduksjonen av den franske luteigarinteressa i Norsk Hydro i krigstida. Medan den norske luteigarinteressa før krigen var på i alt 2,6 pst., kjem ho etter avtalen til å ha vaksi til om lag 52 pst., av dei har den norske Staten på si hand om lag 44 pst.

Etter tingingar i Paris er det gjort avtale med Frankrike om at Noreg skal få ei skadebot på 2 600 000 pund med tilføre av at dei franske styremaktene i juni 1940 heldt attende 26 norske skip i nord- og vest-afrikanske hamner.

DEN ØKONOMISKE UTVIKLINGA

Året 1947 har stort sett vori eit svært godt år for næringslivet. I industrien har det vori full sysselsetjing og tilverknaden har legi 10—15 pst. høgre enn i 1938. Tilgangen på viktige råvarer utanfrå har etter måten vori god. Den internasjonale utviklinga har ført med seg at prisane på inførslevarer har stigi noko sterkare enn prisane på våre utførslevarer. Men likevel har utbygginga av produksjonsapparatet og ei stendig betre utnytting av alle produksjonsvoner gjort det mogleg for landet å dra betre nytte av dei lette avsetnadsvilkåra, slik at jamvel utførsleinntektene har stigi monaleg. I fiske sameleis som i fangst vart både mengda og verdet av tilverknaden sers stor. Skipsferdsla har noti godt av høge frakter, og flåten har hatt godt høve til sysselsetjing. I dei andre næringane har og tilhøva stort sett vori fullnøyande. Den lange turkebolken i fjor sumar skapte likevel vanskar for jordbruket i visse strøk av Austlandet.

Fengemarknaden og valutasisituasjonen.

Betalingsstilhøva har vori lette i året som gjekk. Det er likevel merke som tyder på at det etter kvart blir mindre pengar hos folk. Dette heng m. a. ihop med det store innførsleoverskotet og med at første delen av krigsskadeavgifta dagfall i 1947.

Bankutlåna stig framleis, og sameleis bankinnskota. Men fram etter hausten 1947 har stiginga vori mykje veikare enn før. For innskota viser tala jamvel nedgang frå september til november. Setelomlaupet har derimot stigi noko, serleg i siste delen av året.

Det låge rentenivået — kjennemerkt med 2½ pst. for 30-års statslån — har vorti haldi ved lag. Noregs Banks diskonto har sameleis i heile året vori halden ubrigda på 2½ pst.

Det store innførsleoverskotet som har vori lurvande for å byggja ut produksjonsapparatet, atterreisa handelsflåten og tryggja forsyningssituasjonen både med omsyn til viktige driftsmidlar og hjelpestoff i produksjonen og med omsyn til viktige forbruksvarer, har kravd store utteljingar av det forråd av valuta landet rår over. Den sterke prisauken ute i verda og vanskanne med å få utanlandske lån har skjerpva valutaproblema for landet. Denne ålmenne tilkvessinga av valutasituasjonen set og trongare grenser enn tidlegare for korleis dei valutareservane som står att, kan nyttast.

Prisutviklinga.

Prispolitikken har framleis sikta på å hindra stiging i det ålmenne pris- og kostnadsnivået. Å gjennomføra denne stabiliseringslina har berre vori råd ved å skjerpva priskontrollen, halda fram med å avgrensa aksjeutbyte, ved det låge rentenivået og den lønsolitikken som har vori førd, og ved å auka dei offentlege pristilskota. For budsjettåret 1946—47 gjekk det såleis med i alt om lag 478 mill. kroner til pristilskot, medan det i 1945—46 vart brukt om lag 244 mill. kroner. For dette budsjettåret er summen rekna til om lag 700 mill. kroner. Fram etter sumaren 1947 vart det òg gjennomført ikkje så radt små friviljuge prisreduksjonar.

Engrosprisane har stigi noko i 1947. Uttrykt ved engrosprisindeksen var stiginga i året 3,1 pst., nemleg frå 172,6 point i desember 1946 til 177,9 point i desember 1947. Prisutviklinga for dei ymse varene har likevel vori svært ulik. Nokre varer, t. d. kjemiske og tekniske produkt, har stigi svært sterkt — etter indeksen om lag 14,7 pst. Det same gjeld trevarer og brensel og olje, som har stigi, den første gruppa med 12,7, den andre med 10 pst. For andre varer, t. d. gummiprodukt, har prisane gått radt mykje ned, nemleg med om lag 11,4 pst., og prisane på animalske næringsemne har sameleis falli noko, nemleg med om lag 3,1 pst.

Detaljprisane har gått noko ned, serleg i siste halvta av 1947, trass i dei radt viktige prisaukande faktorane som har gjort seg gjeldande. Uttrykt ved leveomkostnadsindeksen gjekk prisane ned med 2,5 pst. frå slutten av 1946 til slutten av 1947. I desember 1946 låg indeksen på 161,3 point, medan han i novem-

ber 1947 hadde gått ned til 157,3 point. Noko kjem denne prisnedgangen av auka statstilskot til å halda prisane nede, noko av dei friviljuge prisreduksjonane, men den viktigaste årsaka har vori at omsetningsavgifta vart sett ned frå 10 pst. til 6,25 pst.

Utanrikshandelen.

Verdet av utanrikshandelen har auka svært sterkt i 1947 og har nådd opp i høgre tall enn i noko tidlegare år. Innførsla, skip medrekna, kjem truleg opp i eit verde av om lag 3800 mill. kroner og utførsla i eit verde av om lag 1900 mill. kroner, medrekna utførsla av skip og kvalolje som er seld beinveges frå feltet. Dette er ein auke frå 1946 på om lag 1600 mill. kroner for innførsla og om lag 600 mill. kroner for utførsla.

Dei store verda for innførsle og utførsle er først og fremst dei høge prisane skuld i. Både for innførsle- og utførslevarer er prisane no stort sett 3 gonger så høge som i 1938. Den varemengda landet har ført inn i 1947 er derimot, når ein ser bort frå skipsinnførsla, snautt nok så stor som vareinnførsla i 1938. Innførsla av skip har derimot vori dobbelt så stor som i 1938, såleis at innførsla alt i alt, rekna i varemengder, ligg noko høgre enn førkrignivået. Dei utførde varemengdene er enno ikkje så store som dei var i dei siste åra før krigen. På jamnen ligg mengdetala om lag 20 pst. lågare enn i 1938. Det er serleg utførsla av malmar og peisdyrskinn som ligg etter. Det same gjeld utførsla av papirmasse, men det kjem av at ein større del av denne vara vert foredla innanlands, noko som atter har ført til at utførsla av ferdig papir er komen over 1938-årsnivået. Utførsla av fisk og fiskeprodukt låg òg over dette nivået. I dei siste månadene av året har det vori ein viss nedgang i vareinnførsla.

Jordbruket.

Akerviddene har framleis minka. Arsavlingane var svært ujamne, og var alt i alt noko lågare enn i 1946. Dei søraustlege slettebyggjene fekk for skuld turken små avlingar av alle slag. Derimot var avlingane på Vestlandet og serleg i Trøndelag svært gode. I Nord-Noreg med vart det svært store avlingar, men til dels av mindre god kvalitet. Det er turvande med ekstra tiltak til å skaffa fôr til sume distrikt på Austlandet og Sørlandet. Fruktavlingane vart noko mindre enn i 1946, men grønsakavlingane var noko større for di

arealet var auka. Talet på svin og høns har auka, talet på andre husdyr har derimot gått noko ned. Helsetilstanden i husdyrhaldet er stort sett svært godt. Den innvegne mjølkemengda ved meieria har vori større enn i 1946. I november 1947 låg såleis talet 7 pst. over det tilsvarende talet for november 1946. M. a. for skuld dei små fôravlingane i sume landsluter auka slakttilførsla noko i haustmånadene. Prisane på nokre jordbruksvarer vart auka sumaren 1947.

Skogbruket.

Skogbruket har i driftsåret 1946—47 avverka om lag 6 mill. m³ salstømmer, det er noko over normalår og var det kvantumet som ein hadde sett som absolutt minimum. Skort på arbeidshjelp og ein sterk og langdryg kuldebolk gjorde at drifta ikkje fekk eit større omfang.

Vokstertilhøva i 1947 vart mindre gode. Turkebolken gjorde skade i store område og sette tilvoksteren ned. Serleg stor er skaden på plantar og ungskog.

Denne sesongen er det planlagt å hogga 8 mill. m³ salstømmer. Resultatet vil stå på tilgangen på arbeidskraft og på vêt og føre, Skogsdrifta kom tidleg i gang i år, men har, serleg i desember, vori meinka av mykje snø. Oversynet pr. 15. desember viser at det var hoggi 2,75 mill. m³ mot vel 2,4 mill. m³ på same tid i førre driftsåret.

Vedhogsten har lidi sterkt av skort på arbeidskraft, såleis at resultatet berre vart ikring helvta av det som var planlagt.

Fisket.

Det har i alt vori eit svært godt år for fisket. Fangstmengda var i alt noko over 1 mill. tonn, og førstehandsverdet av fangsten, som er rekna til om lag 296 mill. kroner, er det største som til dessar er nådd.

Serleg vintersild- og skreifisket slo uvanleg godt til, feitsildfisket i sumar- og haustmånadene var derimot svært ringt.

Fiskeutførsla har hatt svært gode vilkår i 1947. Verdet av utførsla av fisk og hermetikk, som i tida januar—november var 401 mill. kroner, har ikkje i noko tidlegare år vori nâme nær så stort. Serleg har utførsla av fersk fisk legi på eit høgt nivå. Kleppfiskeutførsla er komen opp på førkrignivået, medan tørrfiskeutførsla framleis ligg monaleg lågare. Hermetikkutførsla nærmar seg føre-

krigsnivået. Utførsels av tran tok seg òg godt opp i 1947.

Fisket har framleis ein stor og ustetta etter-spurnad etter reidskapar, enda om støda har betra seg noko i det siste året.

Atterreisinga av tilverkingsanlegga i krigs-herja strøk har haldi fram i det tempoet som tilgangen på materialar har gjort mogleg. Nokre kjøleanlegg og fryseri er fullførde.

Atterreisinga av fiskarflåten har gått full-nøyande. I krigstida miste fiskarane 636 far-tøy over 30 fot på i alt 30 500 br. reg. tonn. Frå 9. april 1940 til 1. oktober 1947 vart det bygd 819 fartøy over 30 fot med ein tonnasje rekna til 25 000 tonn. Pr. 1. oktober 1947 var 270 fartøy på i alt 10 000 tonn i bygging. Nokre fiskarbåtar er òg innførde frå utlan-det. Trålarflåten er atter så stor som han var før krigen. 9 selfangarar er i bygging.

Kvalfangsten.

Kvalfangsten i Sørishavet gav i fangst-bolken 1946—47 eit godt resultat. Alt i alt vart det produsert om lag 163 000 tonn olje.

Bortimot 80 pst. av oljeproduksjonen vart seld til utlandet etter ein basispris av 100 pund for tonnet, og vel 20 pst. gjekk til innan-lands forbruk. Verdet av fangsten var i alt om lag 290 mill. kroner.

Kvalfangstflåten vart redusert med 8 fly-tande kvalkoker i krigstida. Ved årsskiftet 1947—48 er alt 4 nye kvalkoker komne i stan-den, og 1 til er i bygging.

Industrien.

Stinginga i industritilverkningen heldt fram i første delen av 1947 for skuld betre tilgang på råvarer og arbeidskraft. I dei første ti månadene av året auka talet på sysselsette arbeidarar etter oppgåvene til Arbeidsdirek-toratet med om lag 20 000. Men frå hausten er oppgangen i produksjonen stogga m. a. på grunn av den knappe tilgangen på elektrisk kraft på Aust- og Sørlandet, som har ført til driftsminking i dei industriane som bruker mykje kraft.

Alt i 1946 var produksjonen komen om lag på førkrigsnivået, og i haust har han legi 10 til 15 pst. over dette nivået. Produksjonen har auka i dei fleste greiner. Det gjeld òg dei eksportindustriane som har hatt serlege vanskar å stri med: Bergverksindustrien, den elektrometallurgiske industrien og tremasse-

og celluloseindustrien. Minst oppgang viser bergverksindustrien.

I 1947 er det i alt bygd ut og sett i drift 126 800 KW elektrisk kraft.

Skipsterdselsla.

Atterreisinga av handelsflåten har gått snøgt framover i 1947. I dette året hadde flå-ten den første store tilveksteren av ny-bygde skip etter krigen — tilsaman på om lag 245 000 br. tonn, av dei var 42 000 br. tonn bygde i Noreg. Den største tilgangen var innkjøpte eldre skip frå utlandet, på tilsaman om lag 526 000 br. tonn. Av dei var største-delen amerikanske skip som var bygde i krigs-tida. Med ein netto-tilgang i 1947 på i alt om lag 600 000 br. tonn, var flåten pr. 1. januar 1948 komen opp i om lag 3 916 000 br. tonn, når småskip ikkje er rekna med. Desse tala er ikkje endelege.

Pr. 1. januar 1946 var det i bygging og tinga for norsk rekning i Noreg og i utlandet ein tonnasje på om lag 1 950 000 br. tonn til ein kontraktpris, inklusiv dei tillegg ein reknar med, på i alt om lag 2,6 milliardar norske kro-ner.

Dessutan var det pr. 1. januar 1948 gjevi tilsegn om valuta til å kjøpa inn amerikanske krigsbygde skip på tilsaman om lag 130 000 br. tonn til eit verde av ikring 100 mill. kroner.

Jamnt over har om lag 10—20 pst. av flå-ten i 1947 legi still på grunn av reparasjon eller venting på reparasjon. Elles har flåten vori fullt sysselsett i året og til gode frakter. Det høge fraktnivået frå krigstida og UMA-perioden har haldi seg i etterkrigsåra, og marknaden har vori til dels svært stram i 1947. Etter ein stuttvarig svikt i sumarmånadene har fraktene stigi att i siste delen av året. Stinginga har vori serleg sterk for tankfrak-tene. Mange norske tankskip er i 1947 slutta på 5—10 års tidscerteparti til svært gode frakter.

Atterreisinga og bustadbygginga.

I Finnmark og Nord-Troms er den første bolken i atterreisingsarbeidet på det næraste slutt. Den provisoriske atterreisinga er av-vikla og den permanente påbyrja. I samband med dette dreg staten seg attende som bygg-herre, og dei private og kommunane tek over dette arbeidet. I samanheng med det blir ad-ministrasjonen av atterreisingsarbeidet over-

førd til fylkesatterreisingsnemndene i Vadsø og Tromsø.

Atterreisingsarbeidet elles i landet har òg komi godt i gang. Men både atterreisninga og bustadbygginga elles blir meinka, noko for skuld på faglærd arbeidskraft og noko for di tilgangen på byggevyrke, som i mange tilfelle er avhengig av innførsle, ikkje er stor nok. Serleg gjeld dette installasjonsmateriell, armeringsjern, røyr- og sanitærutstyr. I 1947 vart det i alt ferdig og teki i bruk om lag 12 000 husvære, av dei vel 2 000 (permanente og provisoriske) i Nord-Trøms og Finnmark. Ved årsskiftet reknar ein med at det er i arbeid om lag 17 000 husvære utanom Finnmark og Nord-Troms mot 13 000 på same tid i fjor.

Den Norske Stats Husbank er no komen i full verksemd, og har gjevi 7 000 lån til ein sum på i alt 310 mill. kroner. Lova om Småbruk- og Bustadbanken er brigda slik at denne banken kan verka på liknande måte som Husbanken.

Sysselsetjing.

Sysselsetjinga i 1947 viser stiging frå månad til månad. Tala ligg monaleg over dei tilsvarande i 1946. Det har ikkje vori nemnande arbeidsløyse.

I sumarsesongen (mai—september) 1947 auka sysselsetjinga mindre enn i dei tilsvarande månadene i 1946. Skilnaden finn ein først og fremst i industrien. Dette kan takas som uttrykk for at straumen av arbeidarar serleg frå jordbruket til industri, bustadbygging og anlegg har vorti noko mindre.

Løner.

Tariffrevisjonane heldt fram i 1947 for dei faga som ikkje hadde fått skipa lønstilhøva sine i 1946. I januar og februar gjorde løsnemnda vedtak for jordbruket, visse grupper i hotell- og restaurantfaget, havfiskarflåten, utanriksfarten, margarinfabrikkane, meieria og fiskearbeidarane i Nord-Noreg. I jordbruket har dei faktiske lønene legi høgre enn dei tilsvarande tariffesta lønssatsane. Den nye avtalen tyder ei tilnærming av lønssatsane til dei gjeldande lønene. Ein har òg gått over til normallønssatsar. I skogbruket vart det gjort ny tariffavtale i september. Lønssatsane er normallønssatsar og gjev i medeltal 12—13 pst. auke i fortienesta.

Jamvel om det enno ikkje ligg føre statistikk som kan gjeva lønrsørsla i 1946—47 kan ein

rekna med at stiginga har haldi fram, om enn noko veikare enn i 1946. Tariffrevisjonane har haldi fram, og det er dessutan etter det generelle vedtaket ved lønsrevisjonen i 1946 komi til to 5-øres tillegg, eitt i mars 1947 og eitt i september.

Offentlege finansar.

I krigstida styrkte kommunane pengestoda si. Gjelda vart monaleg redusert, og samstundes auka den kontantsummen dei låg inne med. Etter frigjeringa har kommunane brukt store midlar til nyanlegg og reparasjonar. Nye lån er opptekne, først og fremst av byane til kraftutbygging, slik at lånegjelda atter viser noka stiging. Dei utlikna skattane, som har vori nærepå ubrigda sidan 1942—43, vil truleg auka i 1947—48. Resultata frå den førebels skattelikninga 1947—48 viser nemlig ei stiging i den pårekna inntekta på 19,1 pst. frå 1945 til 1946.

Statsfinansane har i dei siste åra vori merkte av dei ekstraordinære tilhøva etter frigjeringa. Dei samla utgiftene og inntektene har vori langt større enn før krigen. Utgiftstiginga kjem for ein stor del av dei store utlegga til pristilskot på dei mest naudsynlege matvarene som er sette i verk for å kunna halda prisnivået mest mogleg stabilt og dermed freista å hindra ei utvikling mot inflasjon. Atterreisninga av dei krigsherja strøka og oppattbygginga av forsvaret har òg ført med seg store utgifter. Samstundes har òg utgiftene til sosiale føremål gått monaleg opp. Det har vori turvande å leggja på omframskattar til å dekkja vederlag for tap og skade i samband med krigen.

Statsinntektene har stigi mykje. Dei indirekte skattane, medrekna tollinntektene, er no storparten av driftsinntektene til Staten. Det har likevel vori turvande å nytta lånemidlar. I rekneskapsbolken 1946—47 vart det såleis brukt om lag 650 mill. kroner. Men av dei var om lag 300 mill. kroner innskot i det Internasjonale Pengefondet.

Forsyningane.

Matforsyninga. Det har i 1947 synt seg turvande å halda oppe rasjoneringa av dei viktigaste matvarene, kraftfôr og såpe. Feitrasjonen vart hausten 1947 sett ned med 10 pst. for å gjera det mogleg å auka utførsla. Det vart atter innført rasjonering av kakao, sidan det synt seg at dei mengdene som var tilgjengelege, ikkje var store nok til å stetta

trongen, som viste seg å vera langt større enn forbruket før krigen.

Råvarer til industrien. Ser ein på tilhøva, må ein vera nøgd med tilgangen på råvarer til industrien i 1947.

Tilførslene av tekstilråemne har i 1947 vori store nok til at industrien stort sett har kunna nytta ut kapasiteten. Sameleis har vi hatt ei rett stor innførsle av ferdige tekstilvarer. Tekstilrasjoneringa står ved lag, men det har i 1947 vori lettare for forbrukarane å få det dei treng.

Til hud-, skinn- og lærindustrien har tilgangen på råemne vori etter måten fullnøyande. Tilverknaden av skinnsko og gummi-skotøy under eitt har i 1947 nærma seg førkrignivået. Det har vorti innført noko skotøy. Den samla tilgangen er likevel ikkje stor nok til at rasjoneringa kan takast bort.

Gummiindustrien har fått dei råemna han treng så langt at produksjonen har komi over førkrighøgda. Med omsyn til kjemikali, kjemiske produkt o. a. har det iser ført med seg vanskar at det har vori så knapt om nykelstoffet kaustisk soda, som er turvande for tilverknaden i mange industriar. Det har likevel lati seg gjera stort sett å halda industrien i gang. Tilførslene av linolje har ikkje rokki til. Rasjoneringa må derfor haldast oppe.

Industri og jernbane- og dampskipsferdsla har i 1947 kunna tiletlast om lag same kvantum kol og koks som i 1946. Innførsla har vori noko større, og produksjonen på Svalbard har nærma seg førkrignivået. Det har vori mogleg å auka lagra noko etter som året leid, og det har likeins vori råd å dekkja ein heller stor del av det brensel som trengst til husoppvarming, med innført fast brensel.

Innførsla av mineralolje har vori stor nok til å stetta trongen.

RØRSLA I FOLKEMENGDA

I dei tre første kvartal av 1947 var det etter dei meldingane som er komne frå sokneprestane, 20 118 giftarmål. Det er fødd 52 520 born mot 54 575 i same tidbolk i fjor, og 22 175 menneske er avlidne, mot 21 857 i dei tilsvarande månadene i 1946.

I tida 1. januar—30. september 1947 er fødselsoverskotet 30 345, dvs. noko mindre enn i same tidbolk i 1946.

Den folkemengda som eig heime i landet, var ved utgangen av 1947 noko så nær 3 164 000.

SKOLE OG OPPLÆRING

Folkeskolen har trass i vanskelege tilhøve hatt eit bra arbeidsår. Men det skortar enno på lærarkrefter, skolehus og utstyr, serleg i Nord-Noreg. Berre i liten mon har ein kunna byggja skolehus i 1947. I året kom det inn om lag 500 søknader om byggjeløyve. I Finnmark og Nord-Troms måtte ein samla seg om å få sett i stand dei provisoriske skolehusa, så atterreisinga av permanente skolehus kom lite i gang.

Framhaldsskolen er frå 1. juli 1947 sett i gang etter den nye lova, og det er utarbeidd ny normalplan.

I 1947 vart uteksaminert om lag 700 lærarar frå lærarskolane, men det vil enno ta nokre år før ein får nok lærarar.

Den ekstraordinære yrkesopplæringa har haldi fram. I 1947 vart det godkjent om lag 450 ekstraordinære opplæringskurs med om lag 8 000 elevar, og ved yrkesskolar i utlandet hadde ein om lag 700 elevar. Ved ordinære lærlinge- og yrkesskolar her i landet er det i alt om lag 17 000 elevar.

Det er haldi fram med gjennomføringa av den landsplanen for høgreskolar i bygdene som vart vedteken av Stortinget 1940. Utanom dei 4 to-årige statsrealskolar som vart skipa i 1946, er det skipa ein til i Amlie, Aust-Agder, og Staten tek over 2 landsgymnas, Rogaland og Steinkjer. 2 nye kommunale høgreskolar har fått vanleg statstilskot.

Frå vitenskap og forskning skal ein nemna: Lova om Statens lånekasse for studerande ungdom vart vedteken 6. juni 1947, og lånekassa tok til med verksemda 1. oktober 1947. Botanisk og kjemisk institutt ved Universitetet i Bergen er i bygging. Det same gjeld hovudbiblioteket og det nye metallurgiske laboratorium ved Noregs Tekniske Høgskole. Det er no 80 medisinske studentar ved den klinisk-medisinske opplæringa ved Universitetet i Bergen. Ved Noregs Tannlækjarhøgskole er det i gang eit omframtkurs med 30 studentar. 40 tannlækjarstudentar held fram med opplæringa i U.S.A. I alt er det no om lag 1 830 studentar i utlandet.

RETTSOPPGJERET

Om lag 7 000 personar som er dømde til friomsstraff eller har vedteki førelegg på friomsstraff for landssvik, var ved utgangen av 1947 lausslepte på prøve eller etter avsona

FORSVARET

I samsvar med Stortings-vedtak er Noreg med i okkupasjonen av Tyskland med ein brigade av Hæren og ein statisk stab (Tysklands-kommandoen) på tilsaman 4 400 mann.

Det område av okkupasjonssonen som den norske brigaden har ansvaret for, er utvida nokolite. Utvidinga fører ikkje med seg nye plikter for dei norske styrkane.

straff, medan om lag 4 300 framleis sit til avsoning.

7 tvangsarbeidsleirar for landssvikfangar er nedlagde i 1947. Talet på slike anstaltar er no 23.

Landssvikfangane har i stor mon vori syssette med jord- og skogsarbeid. I desember 1947 var det i alt om lag 1 500 fangar i arbeid med tømmerhogst.

Gjevi på Oslo slott 9. januar 1948.

Under Vår hand og riksseglet.

HAAKON

(L. S.)

Einar Gerhardsen.

Leif Østern.